



ÅL KOMMUNE

PLAN FOR FØREBYGGING AV OMSORGSSVIKT OG UTVIKLING AV ÅTFERDSVANSKAR 2025–2028



Framlegg til politisk sak januar 2025, saknr 2025/20

INNHOLD

Formål.....	1
Innleiing	2
Bakgrunn.....	2
Krav til kva planen for det førebyggjande arbeidet skal innehalde er beskriving av:	2
Arbeid med planen.	2
Nasjonale føringer og lovgrunnlag	3
Kommunale planar	4
Regionale planar	4
Interkommunal handlingsplan for forbyggende arbeid for barn og unge i risiko 2024- 2027 ..	5
Utfordringsbilete i Ål	5
Mål og strategi.....	5
Gjennomføring, realisering, måloppnåing, evaluering og revidering	6
Handlingsplan 2025-2029.....	6
Universelle tiltak.....	7
Selektive tiltak	7
Indikerte tiltak	8
Skadelege omsorgsformer.....	9
Alvorlege krenkingar (psykisk, fysisk vald, mv.)	10
Emosjonell utilgjengeleg, fjernskap hjå føresette	12
Rusmiddelbruk.....	13
Alvorlege formar for psykiske lidinger.....	14
Utviklingsvanskar som ikkje blir forstått eller hjelpt	16
Skadelege psykososialt miljø i barnehage og skule	18
Levekårsutfordringar	20
Vedlegg.....	22

FORMÅL

Ål skal vere ein trygg og god stad / kommune å vekse opp. Alle barn og unge skal få den hjelpe dei treng. Foreldra er dei beste til å vareta de kjenslemessige behova barna har, og til å legge til rette for meistring og utvikling. Målet med planen er å redusere tal på risikofaktorar og styrke faktorane som beskyttar barn og unge.

Førebygging og tidleg innsats med tiltak som er godt tilpassa barnas og familiene sine behov, er først og fremst ei investering i innbyggjarane sin velferd, men må også sjåast på som ei investering som kan spare kommunane for meir inngripande og kostbare tiltak seinare.

Førebygging, tidleg innsats og samhandling skal ha ein tydeleg prioritet innanfor all tenesteyting.

Planen skal vere eit arbeidsverktøy som incitere tiltak for meir heilskapleg planlegging og samordning av tenester til barn og unge med utgangspunkt i ei samla vurdering av ressursar og utfordringar i kommune.

I dette arbeidet er det nødvendig at kommunen har samhandling med nærliggande kommunar. Kommunen jobbar for å etablere gode arenaer slik at kommunen, frivillige og private sammen kan arbeide fram gode løysningar for barn og unge og for innbyggjarane.

Krava i høve innhald i planen kjem fram av barnevernsreforma-/plankrava i barnevernslova. Tverrfagleg samarbeid med aktuelle tenester, både eksternt og internt i kommunen er avgjerande i dette arbeidet. Tenestene skal saman med barnet og familien dyrka fram sunne barn og unge som kan handtera eventuelle utfordringar og risikoar i framtida. Planen må sjåast i samanheng med kommunens andre styringsdokument som gir føringar for generell førebygging, tidleg innsats og tverrfagleg samarbeid.

Ål kommune har allereie etablert mange gode tiltak og samarbeidstiltak både innan i kommunen, med frivillige lag og organisasjonar, med ulike samarbeidspartar og regionalt. Vidare satsing er både å oppretthalde og utvikle eksisterande tiltak, og men også opprette nye tiltak der det er nødvendig. Planen tek utgangspunkt også allereie vedtekne lokale og regionale planar og strategiar.

INNLEIING

BAKGRUNN

Som ein del av barnevernsreforma er det lagt inn følgjande lovkrav i lov om barnevernstjenester: § 15-1:

«Kommunens og barneverntjenestens forebyggende virksomhet Kommunen skal fremme gode oppvekstsvilkår gjennom tiltak for å forebygge at barn og unge utsettes for omsorgssvikt eller utvikler atferdsvansker. Kommunen skal sørge for å samordne sitt tjenestetilbud til barn og familier.

Kommunestyret selv skal vedta ein plan for kommunens forebyggende arbeid etter første ledd. Planen skal beskrive hva som er målene for arbeidet, hvordan arbeidet skal organiseres og fordeles mellom etatene i kommunen, og hvordan etatene skal samarbeide.»

KRAV TIL KVA PLANEN FOR DET FØREBYGGJANDE ARBEIDET SKAL INNEHALDE ER BESKRIVING AV:

- overordna mål og strategiar for det heilsakaplege tenestetilbodet
- korleis ansvaret skal fordelast mellom etatane
- korleis oppgåveløysinga skal organiserast
- korleis ulike etatar skal samarbeide

ARBEID MED PLANEN.

Det har vore gjennomført workshop både på leiarnivå og større workshop der både kommunalt tilsette, samarbeidspartar, politisk leiing frivillige lag og organisasjonar deltok.

Det er også blitt gjennomført klassesamtalar på alle skular frå 1- 10. Trinn. Dette for å sikre barnas stemme i planarbeidet.



Kommunen har og vore deltagande i utvikling av regionale handlingsplanen, som er vedteke politisk i kommunestyret.

Det er stab og leiarar i oppvekstsektoren, helse- og omsorgssektoren som har stått for ferdigstilling av planen i tett dialog med andre sektorar.

Planen tek ikkje for seg alt me gjer for å hindre omsorgssvikt og skadeleg åtferd i Ål, men syner satsing og styrkingsområda me ynskjer å utvikle dei neste fire åra.

NASJONALE FØRINGAR OG LOVGRUNNLAG

I 2022 vart det gjort endringar i 11 velferdstenestelover om samarbeidsbestemmingar og samordningsplikt. Det er kommunen og ikkje den enkelte kommunale teneste som har ei samordningsplikt. Førebygging handlar i stor grad om familiestøtte, og oppvekstreforma seier at kommunane skal tidlegare inn med breiare tiltak. Kommunens førebyggjande innsats og plikt til samordning og samarbeid i dei ulike tenestene er forankra i ulike lovverk, som for eksempel:

- [Opplæringsloven](#)
- [Barnevernsloven](#)
- [Helse- og omsorgstenesteloven](#)
- [Sosialtenesteloven](#)
- [Barnehageloven](#)
- [Psykisk helsevernloven](#)
- [Folkehelseloven](#)

Barnets beste skal vere eit grunnleggjande omsyn ved alle handlingar som angår barn. Dette kjem tydeleg fram i FNs konvensjon om barns rettigheter ([barnekonvensjonen – kortversjon](#)) og [FN-konvensjonen om rettigheitene til menneske med nedsett funksjonsevne](#) (CRDP)

Kommunane skal styrke arbeidet med tidleg innsats og førebygging, hjelpe skal bli betre tilpassa barn og familiene sine behov, rettstryggleiken til barn og familiar skal bli godt vareteke, og dessutan at ressursbruken og oppgåveløysinga skal bli meir effektiv.

Det er ei rekke nasjonale faglege retningsliner og rettleiarar som både legg føringar og som er nyttig verktøy for kommunens arbeid med tidleg innsats, tverrfagleg samarbeid og heilskapleg tenester. Nokre viktige retningsliner og rettleiarar er:

- [Nasjonal faglege retningslinjer for tidleg oppdagelse av utsette barn og unge](#)
- [Meld. St. 23 – Opptrappingsplan for psykisk helse \(2023- 2033\)](#)
- [Meld. St 6 \(2019-2020\), Tett på – tidleg innsats og inkluderande fellesskap i barnehage, skole og SFO](#)
- [Nasjonal rettleiar – Psykisk helsearbeid barn og unge](#)
- [Nasjonal rettleiar – samarbeid om tenester til barn og unge og deira familiar](#)
- [Nasjonal fagleg retningslinje – Helsestasjon, skolehelseteneste og helsestasjon for ungdom](#)
- [Nasjonal fagleg retningslinje – svangerskapsomsorgen](#)
- [Folkehelsemeldinga \(Meld. St 12 -2023-2024\).](#)

KOMMUNALE PLANAR

- [Kommuneplanen – samfunnssdel 2017-2027](#)
 - har 13 innsatsområde for å ha eit trygt og inkluderande oppvekstmiljø der alle lærer å ta ansvar, vise respekt og ha omsorg for kvarandre.
 - Fokus på brukarmedverknad og pårørrandearbeid
 - Vektlegge førebyggjande og helsefremjande arbeid
 - Gjennom tidleg innsats og godt tverrsektorelt samarbeid prioritere barn og unge, psykisk helse og rus
- [Strategidokument for betre læring i Ål kommune 2022-2025](#)
 - «alle som veks opp i Ål skal bli flygedyktige og rotfaste.
- Oppvekst 2030.
- [Temoplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv -2022–2025](#)
 - Fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv gjev glede, meistringskjensle og fellesskap, – det er ein viktig føresetnad for eit godt liv. I tillegg har det ein nytteverdi med positiv verknad på folk si fysiske, sosiale og mentale helse. Grunnlaget vert lagt tidleg i livet, og det er ein klar samanheng mellom fysisk aktivitet som ung og helse som voksen
- [Plan for psykisk helse og rus 2021-2025](#)
- [Folkehelse i Ål](#)

REGIONALE PLANAR

- [Handlingsplan mot vol i nære relasjoner](#)

- Handlingsplan for barn som pårørande
- Regional rusmiddelpolitisk handlingsplan
- [Handlingsplan mot radikalisering og ekstremisme](#)
- [Handlingsplan for folkehelsearbeid i Hallingdal](#)
- Interkommunal handlingsplan for førebyggande arbeid for barn og unge i risiko 2024 -2027

Interkommunal handlingsplan for førebyggande arbeid for barn og unge i risikoar eit viktig grunnlag for mange av tiltaka i denne planen. Den interkommunale handlingsplanen gir ei god beskriving av viktige samarbeidspartar, samarbeidsarenaer og samarbeidsavtaler.

INTERKOMMUNAL HANDLINGSPLAN FOR FORBYGGENDE ARBEID FOR BARN OG UNGE I RISIKO 2024- 2027

UTFORDRINGSBILETE I ÅL

Ål kommune har mykje av det same utfordringsbilete som andre kommunar i regionen og landet. Viktig kunnskapsgrunnlag for utfordringsbilete er undersøkingar som blir gjort i skule, ungdataundersøkingar og folkehelseprofilen m.v. Desse undersøkingane finn ein i [Folkehelse i Ål](#).

MÅL OG STRATEGI

[Trygg oppvekst / BTI modellen](#) er samhandlingsmodell for å sikre heilskapleg og koordinert innsats utan brot i oppfølginga. BTI bidrar til tidleg innsats, samordning og medverknad. Modellen gir ei oversikt over handlingsforløp, og kan bidra til å rette opp svikt i samhandling mellom tenester både på lokalt, regionalt og statleg nivå.

Ål kommune arbeider målretta med å tydeleggjere laget rundt barnet med følgjande grunnpilarar:

- Sterkare førebyggjande tidleg innsats
- Heilskapleg tenestetilbod
- Samarbeid på tvers av sektorar
- Samarbeid på tvers av kommunar, på område der enkeltkommunar blir for små
- Auka communal styring
- Tydlegare ansvarsdeling

Det er tatt utgangspunkt i [IS – 2696 « kunnskapsgrunnlaget – metodar for tidleg identifisering av risiko hos barn og unge](#) og Kvello sin modell med risiko- og beskyttelsesfaktorer i arbeidet med tiltak i handlingsplanen.



Handlingsplan for førebygging av omsorgssvikt og åtferdsvanskar er ein tverrsektoriell plan og alle tenester har eit sjølvstendig ansvar for å sikre aktuelle tiltak innanfor sitt område. Planen skal sikre forpliktande og systematisk innsats for å legge til rette for heilskaplege tenester, og han skal vere eit verktøy for å sikre det tverrfaglege samarbeidet i laget rundt og for barn, unge og deira familiar.

Konkrete tiltak og satsingsområde må fremjast I samband med verksemoplanar, strategibudsjett og økonomiplanarbeid.


Ved rullering av kompetanseplanar skal det vurderast nødvendig kompetanseheving for å sikre at tilsette har rett kompetanse, ikkje minst i tverrsektorielt arbeid.

Evaluering av igangsette prosjekt og tiltak skal gje eit grunnlag for læring, vidare utvikling av tilbod og satsingsområde som er tilpassa barn og unge sine behov. I evaluering er det viktig å sikre medverknad gjennom brukarinnvolvering frå både barn, unge, deira familiar og samarbeidspartar i utforming av tenestene både på individnivå og systemnivå. Årleg skal tenestene gjennomgå tiltak og rutinar for å sjå om dei verkar etter intensjonen, vurdere måloppnåing og vurdere behov for endring av tiltak og praksis. For å vurdere om tiltak i handlingsplanen lykkast bør det rapporterast på relevante måleindikatorar som:

- tal på barn og unge med omfattande tiltak
- skulefråvær / skulenærvar
- tal på barn i låginntektsfamiliar
- tal på 9A saker
- gjennomføringsgrad på vidaregåande skule
- folkehelsestatistikk, resultat frå Ungdata, elevundersøkingar, KOSTRA, andre brukarundersøkingar og rapporteringsstatistikk

Tiltaka i handlingsplanen tek utgangspunkt i dei alvorlegaste risikofaktorane for omsorgssvikt og åtferdsvanskar. Me har valt å dele tiltaka i tre ulike nivå.

- Universelle tiltak – grønt nivå
- Selektive tiltak – Gult nivå
- Indikerte tiltak – raudt nivå



UNIVERSELLE TILTAK

Universelle tiltak omfattar innsats som er rette mot heile befolkninga utan at det er identifisert individ eller grupper med ekstra risiko. Fleire verksemder, lag og organisasjonar er viktige bidragsytarar for å sikre ein trygg oppvekst tilhøyret og meistring. Barnehage, skule og SFO er vår viktigaste arena for det førebyggjande arbeidet og tidleg innsats.

SELEKTIVE TILTAK

Selektive tiltak er retta mot grupper der det er kjent at negativ utvikling kan førekomme.
Tiltak som blir sett i verk, skal hjelpe til med å motverke negativ utvikling

INDIKERTE TILTAK

Indikerte tiltak er retta mot individ med høg risiko eller klare teikn på utfordringar.

SKADELEGE OMSORGSGFORMER				
	Tiltak etablert	Utviklingsområde	Kva trengst?	Ansvarleg / når
Universelle tiltak		«Tidleg inn» Opplæringsprogrammet Tidleg Inn–forebygging.no	Kompetanseheving/ opplæring	Familiens hus 2026
	Trygg oppvekst – BTI – Ål kommune	Implementering	Øving og praktisering	2025-2028
		Etablere ein møteplass for barn og unge, der generasjonar kan møtast	Faste egna lokale	Inn i budsjett-behandling 2026
	Sommarcamp -utvikle aktivitetar i feriar	Utvikle tilbodet til haust- og vinterferie og dessutan meir aktivitet i sommarferien	Aktivitetsleiarar og frivillige, Lag og organisasjonar. Plassar å vere	Inn i budsjett-behandling 2026- søkje midlar gjennom stiftningar
Forsterka tiltak	ICDP International Child Development Programme (ICDP) Bufdir	Tilby fleire og oftare kurs, og dessutan få til felles språk	Felles kompetanseheving	Familiens hus 2025
		Jobb til unge – første jobb.	Midlar til å lønne unge (13- 18 år) for å prøve seg i arbeidspraksis	Inn i budsjett-behandling 2026 og eventuelt søkje på midlar
		Ungdom som ressurs for andre	Tettare og meir regelmessig samarbeid med ungdomsskule og vidaregåande for å få	Frivilligsentralen

			ungdom inn i frivillig arbeid.	
		Lese- og leksevenn i skule og fritid	Planlegge og utvikle eit supplement til det lovpålagde faglege undervisning	Oppvekstsektoren i samarbeid med Frivilligsentral og andre aktørar. Haust 2026
Indikative tiltak	Trygg start – Ål kommune	Auke kompetanse og tilby til fleire	Kompetanseheving NBO	Haust 2025
		«Familiehjelpa»	Auka ressurs i psykisk helse Psykisk helse barn og unge – Ål kommune	2025

ALVORLEGE KRENKINGAR (PSYKISK, FYSISK VALD, MV.)				
	Tiltak etablert	Utviklingsområde	Kva trengst?	Ansvarleg / når
Universelle tiltak		«Tidleg inn» Opplæringsprogrammet Tidleg Inn–forebygging.no	Kompetanseheving/ opplæring	Familiens hus 2026
	BTI Trygg oppvekst – BTI – Ål kommune	Implementering	Øving og praktisering	2025
Forsterka tiltak	ICDP International Child Development Programme (ICDP) Bufdir	Tilby fleire og oftare kurs, og dessutan få til felles språk	Felles kompetanseheving	Familiens hus 2025

Indikative tiltak	Trygg start Trygg start – Ål kommune	Auke kompetanse og tilby fleire	Kompetanseheving NBO	Haust 2025
		«Familiehjelpa»	Auka ressurs i psykisk helse Psykisk helse barn og unge – Ål kommune	2025

EMOSJONELL UTILGJENGELEG, FJERNSKAP HJÅ FØRESETTE				
	Tiltak etablert	Utviklingsområde	Kva trengst?	Ansvarleg / når
Universelle tiltak		«Tidleg inn» Opplæringsprogrammet Tidleg Inn–forebygging.no	Kompetanseheving/ opplæring	Familiens hus 2026
	BTI Trygg oppvekst – BTI – Ål kommune	Implementering	Øving og praktisering	2025
Forsterka tiltak	ICDP International Child Development Programme (ICDP) Bufdir	Tilby fleire og oftare kurs, og dessutan få til felles språk	Felles kompetanseheving	Familiens hus 2025
	Sjølvhjelpsgrupper -for ungdom, føresette og familie Helserelaterte kurs og meistringsgrupper	Etablere nye grupper	Informasjonsarbeid – marknadsføring	Hallinghelse, kommune, Kyrkja Frivillige og ressursgruppe
Indikative tiltak	Trygg start Trygg start – Ål kommune	Auke kompetanse og tilby fleire	Kompetanseheving NBO	Haust 2025
		«Familiehjelpa»	Auka ressurs i psykisk helse Psykisk helse barn og unge – Ål kommune	2025

RUSMIDDELBRUK				
	Tiltak etablert	Utviklingsområde	Kva trengst?	Ansvarleg / når
Universelle tiltak	Foreldrenettverk – Ål kommune	Styrka implementering og samarbeid med FAU	Rullering	Oppvekstkontoret 2025
		«Tidleg inn» Opplæringsprogrammet Tidleg Inn–forebygging.no	Kompetanseheving/ opplæring	Familiens hus 2026
	BTI Trygg oppvekst – BTI – Ål kommune	Implementering	Øving og praktisering	2025
	Halling Ungdom – Ål kommune	Vidareutvikling	Lokale fast stilling som ungdomsarbeidarar	Inn i budsjettbehandling 2026. Søkje midlar til utstyr.
Forsterka tiltak		Oppsøkande rusteam ved arrangement Tilgjengelege tenester for ungdom med rusutfordringar	Samarbeid med Gol kommune, ungdomslos i vgs, Politi og raude kors. Økonomi til dekking av kveld og nattarbeid	Familiens hus, 2025
	Aktiv ung voksen	Videreføre og auke rekruttering til tilbodet	Informasjon ut	Avdeling Meistring og Familiens hus 2025
	«Alle med» ALLEMED – ALLEMED Ung	Videreføre og auke	Informasjon ut i tenestene og til befolkning	Ungdommens frivilligsentral

		Auke kompetanse hjå for frivillige, lag og organisasjoner innan rusmiddel, utanforskning og psykisk helse	Inn i frivilligstrategien.	Familiens Hus i samarbeid med kultursektor, frivilligsentralen 2025- 2026
Indikative tiltak	IPS ung – Ål kommune	Vidareføring	Informasjon ut	2025
	Fact -ung <u>FACT ung – NAPHA Nasjonalt kompetansesenter for psykisk helsearbeid</u>	Rette tiltak meir mot rus	Vidareføring av Fact-ung satsing i Hallingdal	2025
		«Familiehjelpa»	Auka ressurs i psykisk helse Psykisk helse barn og unge – Ål kommune	2025

ALVORLEGE FORMAR FOR PSYKISKE LIDINGAR				
	Tiltak etablert	Utviklingsområde	Kva trengst?	Ansvarleg / når
Universelle tiltak		«Tidleg inn» Opplæringsprogrammet Tidleg Inn–forebygging.no	Kompetanseheving/ opplæring	Familiens hus 2026
	BTI Trygg oppvekst – BTI – Ål kommune	Implementering	Øving og praktisering	2025
Forsterka tiltak	ICDP International Child Development Programme (ICDP) Bufdir			

Indikative tiltak	Nasjonalt forløp Barnevern <u>Nasjonalt forløp for barnevern – Helsenorge</u>	Få på plass rutinar i forløp bv	System, avklaring og opplæring	Hallingdal barnevernsteneste 2025
		Familiehjelpa	Auka ressurs i psykisk helse	2025

UTVIKLINGSVANSKAR SOM IKKJE BLIR FORSTÅTT ELLER HJELPT				
	Tiltak etablert	Utviklingsområde	Kva trengst?	Ansvarleg / når
Universelle tiltak		«Tidleg inn» Opplæringsprogrammet Tidleg Inn–forebygging.no	Kompetanseheving/ opplæring	Familiens hus 2026
	BTI Trygg oppvekst – BTI – Ål kommune	Implementering	Øving og praktisering	2025
	Kompetanseløftet Kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis udir.no	Oppdagar- og inkluderingskompetanse	Kompetanseheving	2025-2028
		«ALLEMED» Tilbod og samarbeid, legge til rette for at alle kan bli med på aktivitet	Systematisk samarbeid mellom lag og organisasjon for at alle kan bli med – kontinuerleg jobbing – behov for kompetanseheving og ressursar	Kommunen og frivilligsentralen. Budsjettbehandling – og søkje eksterne midlar.
Forsterka tiltak	ICDP International Child Development Programme (ICDP) Bufdir			
Indikative tiltak	Nasjonalt forløp Barnevern Nasjonalt forløp for barnevern – Helsenorge	Få på plass rutinar i forløp bv	System, avklaring og opplæring	Hallingdal barnevernsteneste 2025
		«Familiehjelpa»	Auka ressurs i psykisk helse Psykisk	2025

			<u>helse barn og unge –</u> <u>Ål kommune</u>	
--	--	--	--	--

SKADELEGE PSYKOSOSIALT MILJØ I BARNEHAGE OG SKULE				
	Tiltak etablert	Utviklingsområde	Kva trengst?	Ansvarleg / når
Universelle tiltak	Kompetanseløftet Kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis udir.no	Oppdagar- og inkluderingskompetanse	Plan med systematisk arbeid og kompetanseheving	Oppvekstkontoret 2025-2028
	Foreldrenettverksplan Foreldrenettverk – ÅI kommune	Sterkare forankring	Rullering og implementering	Oppvekstkontoret 2025
	BTI Trygg oppvekst – BTI – ÅI kommune	Implementering	Øving og praktisering	2025-2028
	Nærversbarnehage		Implementering av system og prosedyrar	2025-2028
	Nærversskule		Implementering av system og prosedyrar	2025-2028
Forsterka tiltak	ICDP International Child Development Programme (ICDP) Bufdir	Felles språk og auka tilbod	Kompetanseheving og samarbeid	Familiens hus 2025-2028
	Støtteteam/ utvida støtteteam	Vidareutvikle	Styrke samarbeid og avklare roller	Skulane 2025-2028
		Alternativ opplæringsarena nær skulen	Lokalitet og personell	2026
Indikative tiltak		«Familiehjelpa»	Auka ressurs i psykisk helse Psykisk helse	2025

			<u>barn og unge – Ål kommune</u>	
Trygg start	<u>Trygg start – Ål kommune</u>		Informasjon ut	

LEVEKÅRSUTFORDRINGAR				
	Tiltak etablert	Utviklingsområde	Kva trengst?	Ansvarleg / når
Universelle tiltak	Foreldrenettverksplan Foreldrenettverk – Ål kommune	Styrka implementering og samarbeid med FAU	Rullering	Oppvekstkontoret 2025
		«Tidleg inn» Opplæringsprogrammet Tidleg Inn–forebygging.no	Kompetanseheving/ opplæring	Familiens hus 2026
	BTI Trygg oppvekst – BTI – Ål kommune	Implementering	Øving og praktisering	2025-2028
Forsterka tiltak	Fritidskassa Lokal fritidskasse for barn og unge – Ål kommune	Vidareføring Informasjon ut	Etablert ei ressursgruppe Eventuell i budsjettbehandling og søkje midlar	2025-2028
	Aktiv Ung https://www.aal.kommune.no/meny/helse-og-omsorg/familiens-hus/hjelpetilbod/psykisk-helse-barn-og-unge/	Vidareføring		2025
	Alle Med ALLEMED – ALLEMED Ung			
Indikative tiltak	IPSIPS ung – Ål kommune	Vidareføring	Informasjon ut	2025

		«Familiehjelpa»	Auka ressurs i psykisk helse	2025
	Trygg start Trygg start – ÅI kommune	Tilby til fleire		2025

VEDLEGG

1. Plakat – plan for universelt, selektivt og indikert nivå med utløp i dei alvorlegaste risikofaktorane for omsorgssvikt og åtferdsvanskar
2. Interkommunal handlingsplan for førebyggande arbeid for barn og unge i risiko 2024 -2027